
Saksnr: 2020/70452-3
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		25.03.2021

Klagesak - avslag på søknad om tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv

Forslag til vedtak

1. Klagen vert ikkje teken til følgje.

Samandrag

Sunnhordland Amatørkulturråd har fått avslag på søknad om tilskot til prosjekt og tiltak innan det frivillige kulturlivet. Fylkesrådmannen har vurdert klagen, men finn ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Klage på avslått søknad om tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv
- 2 2020-07-21 ANKE på avslag om søknad om støtte fra ...Til Vestland Fylkeskommune
- 3 Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv, våren 2020
- 4 Oversending av klagesak til klagenemnda
- 5 Klagesak avslag på søknad om tilskot - Sunnhordland Amatørkulturråd
- 6 saksframlegg
- 7 Klagesak avslag på søknad om tilskot - Sunnhordland Amatørkulturråd
- 8 klagesak avslag på søknad om tilskot - Sunnhordland Amatørkulturråd

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv vart lyst ut våren 2020 med søknadsfrist 8. mars. Hovudutval for kultur, idrett og integrering (heretter underinstansen) fatta vedtak om tildeling og avslag i møte 4. juni 2020.

Ved søknadsfristen var det kome inn 121 søknader, der det vart søkt om i alt 6 227 438 kr i tilskot. Underinstansen løyvde 721 000 kr til i alt 22 prosjekt eller tiltak.

Sunnhordland Amatørkulturråd (heretter klagar) fekk avslag på sin søknad, og klaga på vedtaket ved skriv av 21. juli 2020.

Underinstansen har vurdert klaga, men fann ikkje grunnlag for endre eller oppheve vedtaket om avslag. Klagesaka vart oversendt til klagenemnda 5. februar 2021.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda er klageinstans for enkeltvedtak treft av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova, jf. forvaltningslova § 28 (2).

Vurderingar og verknader

Klagen

Av klagen går fram at Sunnhordland Amatørkulturråd er kome i stand etter ønskje frå Hordaland fylkeskommune og samarbeidsrådet i Sunnhordland, og med støtte og hjelp frå Bergen amatørkulturråd.

Av klagen går vidare fram at rådet fekk oppstartsmidlar på 20 000 kr i 2018, men ikkje er kome så langt som ønska. Det går fram at koronanedstenginga har bremsa rådet si verksemd.

Klagar skriv at dei ikkje er ferdig med oppstarten og er økonomisk handlings svekka. Rådet vil i løpet av hausten 2020 presentere seg for kommunane i Sunnhordland og samarbeidsrådet i Sunnhordland med sikte på å få etablert gode samarbeidsformer og for å kunne få pengestøtte via kommunane sine kulturbudsjett frå 2021. Av klagen går fram at rådet har trong for midlar i 2020 for å halde fram med det gode arbeidet som er påbegynt.

I e-post av 2. mars 2021 skriv klagar at situasjonen ikkje er bedre enn på klagetidspunktet, snarare tvert i mot. Klagar viser til at dei har motteke kr 150 000 i ekstrastønad til koronaramma lag og foreiningar.

Fylkesrådmannen viser til klagen og ytterlegare merknader i sin heilskap.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis peike på at klagebehandlinga i denne saka har teke for lang tid. Dette skuldast at det tok lang tid før klagesaka vart oversendt frå underinstansen til klagenemnda.

Fylkesrådmannen vil understreke at forvaltningsskjønnet sitt spelerom er stort for ikkje-rettighetsbaserte tilskotsordningar som det her er tale om. Utøvinga av skjønnet må likevel vere innanfor dei kriterium som følgjer av retningslinene. Med stor interesse og avgrensa pott midlar, må forvaltninga gjere prioriteringar mellom søkerane.

Fylkesrådmannen viser til at underinstansen i grunngjevinga for sitt vedtak 4. juni 2020 har vist til at dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp imot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke. Fylkesrådmannen viser i den samanheng til at mange har fått avslag sjølv om dei stettar kriteria, medan dei som får innvilga støtte ifølgje underinstansen i svært høg grad stettar vurderingskriteria.

Når det gjeld underinstansen si individuelle grunngjeving for avslaget på klagar sin søknad, heiter det:

«Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vil oppmode Sunnhordland Amatørkulturråd om å søkje kulturmidlar i kommunar der dei har medlemsorganisasjonar.»

Fylkesrådmannen les siste del av formuleringa som ei oppmoding, og ikkje som del av grunngevinga. Fylkesrådmannen les henvisinga til at det er avgrensa midlar i støtteordninga samstundes som ei henvising til at det må gjerast prioriteringar, og at klagar her ikkje er prioritert.

Fylkesrådmannen viser til at det i underinstansen sitt vedtak er vist til retningslinene for støtteordninga, og vidare korleis forvaltninga vektlegg vurderingskriteria:

«Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, jo meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til å fordele ut frå geografi og sjanger i den samla vurderinga.»

Fylkesrådmannen finn grunngevinga for vedtaket som er fatta som tilstrekkeleg etter forvaltningslova § 25. Fylkesrådmannen finn at underinstansen har føreteke si vurdering etter dei retningslinene som lå til grunn for skjønnsutøvinga. Fylkesrådmannen har vurdert klagen, men legg til grunn at opplysningane der var kjende ved underinstansen sitt vedtak eller ikkje er av avgjerande betydning for skjønnsutøvinga. Fylkesrådmannen finn difor ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje.

Konklusjon

Fylkesrådmannen finn at underinstansen si grunngeving for avslag er tilstrekkeleg. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det i klagen kjem fram opplysningar som gir grunnlag for å endre eller oppheve underinstansen sitt vedtak, og rår til at klagen ikkje vert teken til følgje.